



Brevika Eigedom AS  
Sandviksvegen 264  
6940 Eikefjord

## Løyve etter forureiningslova til utfylling i sjø ved gnr/bnr 38/397 i Bremanger kommune for Breivika Eigedom AS

---

**Statsforvaltaren gir Breivika Eigedom AS løyve til utfylling av ca. 26 000 m<sup>3</sup> massar og undervasssprenging ved Breivika i Bremanger kommune. Formålet med tiltaket er å utvide industriareal og sprenging av sjøbotnen for å sikre geoteknisk stabilitet for fyllinga.**

**Utfylling skal ikkje skje i perioden 1. februar til 30. juni av omsyn til gytefelt for torsk. Siltgardin skal nyttast gjennom anleggsperioden for å hindre sprenging av finstoff frå sprengstein. Tiltaket skal overvakast med turbiditetsmålingar.**

**Løyvet er gjeve med heimel i forureiningslova § 11 – jamfør § 16.**

---

Vi viser til søknad frå Norconsult på vegne av Breivika Eigedom AS, motteken 2. september 2024, samt andre opplysningar som kom fram under handsaming av søknaden.

### Vedtak om løyve

Statsforvaltaren gjev løyve til utfylling av sprengsteinmassar i sjø ved gnr/bnr 38/397 i Bremanger kommune. Løyvet er heimla i forureiningslova § 11, jf. § 16. Løyvet er gjeve på spesifikke vilkår som er lista opp i eige vedlegg. Statsforvaltaren har i avgjerda lagt vekt på dei forureiningsmessige ulemper ved tiltaket jamført med dei fordeler og ulemper som tiltaket dessutan vil medføre. Statsforvaltaren har regulert dei forholda som er vurdert til å ha dei mest alvorlege miljømessige konsekvensane.

I tillegg til dei krava som følgjer av løyvet, pliktar verksemda å overhalde forureiningslova og produktkontrolllova, med tilhøyrande forskrifter. Nokre av forskriftene er nemnde i løyvet. For informasjon om andre reglar som kan vere aktuelle for verksemda, viser vi til heimesida til Miljødirektoratet [www.miljodirektoratet.no](http://www.miljodirektoratet.no).

Løyvets vilkår følger vedlagt dette brevet.

### Vedtak om gebyr for sakshandsaming

Statsforvaltaren tar gebyr for arbeid med løyve og kontroll etter forureiningslova. På bakgrunn av Statsforvaltarens ressursbruk i saka, tek vi gebyr etter sats 6, 44 300 kroner, for handsaming av




søknaden, jf. forureiningsforskrifta §§ 39-3 og 39-4. Faktura vert sendt frå Miljødirektoratet. Sjå forureiningsforskrifta kapittel 39 for å lese meir om sakshandsamingsgebyret.

## Om tiltaket

Breivika Eigedom AS søker om løyve etter forureiningslova til utfylling i sjø med sprengstein, samt undervasssprenging. Dei ønskjer å utvide industriarealet sitt som ein del av reguleringsplanen for Breivika industriområde i Bremanger kommune. Tiltaka ligg ved ei småbåthamn og inneber utfylling av massar for landutviding til næringsføremål. I tillegg skal sprenging av sjøbotnen gjerast for å sikre geoteknisk stabilitet for fyllinga.



Figur 1: Kartutsnitt over eksisterande småbåthamn og utfyllingsområde. Det blå skisserte område viser fyllingsfot, brunt område illustrerer plastringsfot og det grøne området viser utfylling over sjømål.



Figur 2: Oversiktsbilete over Breivika, Svelgen i Bremanger kommune.

Utfylling skal gjerast med tipping frå lastebil, og avretting utført med gravemaskin. Massane er sprengstein frå Rise masseuttak som er berggrunn beståande av massiv, finkorna sandstein. Massane




vil dekkje et areal på ca. 3 350 m<sup>2</sup>, med eit volum på ca. 26 000 m<sup>3</sup>. Massane kan innehalde noko plast frå skytestrengar og tennsystem, samt finstoff av kvarts som er skarpe partiklar som har skadepotensiale for fiskegjeller og biologisk vev.

Sjøbotnen skal sprengast langs fyllingskanten for å komprimere og fortrenge dei underliggjande massane, slik at ein sikrar geoteknisk stabilitet for utfyllinga. Ingen massar skal fjernast frå området. Undervasssprenginga er planlagt utført med patronert sprengstoff, med einingsladningar på 3 til 5 kilo. Den eksisterande sjøbotnen vil bli fortrengd og liggje att som stabiliserande massar for utfyllinga.

I 2017 vart det gjennomført ei miljøteknisk undersøking av sjøsedimenta i både tiltaksområdet og influensområdet. Undersøkinga avdekte at massane var forureina med tungmetall, PAH-forbindelsar og TBT, og forureiningsnivået vart klassifisert i tilstandsklasse III, IV og V. Undersøkinga viste og at sedimenta består av om lag 75 % sand, 25 % silt og mindre enn 1 % leire, og at tørrstoffet inneheld om lag 2 % TOC.

Viktige naturtypar som er registrert i og nær tiltaksområdet er tareskog med stortare som ligg i vestleg del av den planlagde utfyllinga. Tareskogen som er verdisett som «viktig» strekk seg rundt småbåthamna og dekkjer det meste av bukta aust for tiltaksområdet. Sørleg del av småbåthamna på austsida av tiltaksområdet ligg eit felt med ålegraseng som er verdisatt som «svært viktig». Ålegraseng blir vurdert godt beskytta med moloen i vest og nord mot påverknader frå aktivitetar i tiltaksområdet. Tiltaksområdet ligg i eit regionalt viktig gytefelt for torsk som er verdisett til «viktig». På eigedomen vest for tiltaksområdet ligg det to landbaserte akvakulturanlegg.



Figur 3: Kartlagd tareskog og ålegrassamfunn ved tiltaksområdet skissert med raud stripla linje.

Planlagde avbøtande tiltak for å redusere risikoen for negativ påverknad på sårbare nærrområde under anleggsarbeidet inkluderer bruk av siltgardin så nær tiltaksområdet som mogleg. Det vil bli utført overvaking av turbiditet utanfor siltgardina for å sikre at den fungerer som den skal. Det vert anbefalt ein grenseverdi på 10 FTU pluss bakgrunnsverdi og ei alarmgrense på 8 FTU pluss bakgrunnsverdi for partikkelinnhald om lag 20 meter utanfor siltgardina,. Dersom turbiditetsmålingene viser høgare partikkelinnhald enn alarmgrense skal det gjerast undersøkingar for å sjå om siltgardina fungerer som den skal.



Det er planlagt å unngå sprengingsarbeid i den sårbare perioden for kysttorsk, som varer frå 1. februar til 31. mai. Informasjon skal bli gitt til brukarane av småbåthamna, og det skal gjennomførast regelmessig overvaking og fjerning av plastforureining i sjøoverflata og på nærliggande strender.

Planlagt oppstart av anleggsarbeidet er så snart som mogleg, med ei varigheit på ca. 5-6 månader.

## Høyring

Søknaden vart sendt på høyring til Bremanger kommune, Fiskeridirektoratet, Mattilsynet, Bergens Sjøfartsmuseum og Sør-Norges Fiskarlag og søknaden låg til offentleg ettersyn på Statsforvaltarens heimeside. Frist for å gje uttale var 30. september 2024.

Norconsult kommenterte uttalane i høyringsbrev datert 10. september 2024. Kommentaraner er referert i blå tekst nedanfor.

Vi fekk følgande høyringsutsegn frå Bergens Sjøfartsmuseum, Fiskeridirektoratet og Mattilsynet:

### Bergens Sjøfartsmuseum (02. september 2024)

Attgjeving av uttale:

«Museet har derfor ingen merknader til det planlagde arealinngrepet.

Det er likevel mogleg at det ligg kulturminne i det aktuelle området. Me gjer derfor merksam på at tiltakshavaren pliktar å gje melding til museet dersom ein under arbeid i sjøområda finn skipsvrak, keramikk eller andre marine kulturminne. Dersom kulturminne på sjøbotnen kan bli råka av tiltaket, må arbeidet under vatn straks stoppast. Verksemda må i så fall ikkje takast opp att før museet har undersøkt og eventuelt frigjeve området. Eventuelle brot på desse vilkåra vil være i strid med føresegnene i Lov av 9. juni 1978 nr. 50 om kulturminne.»

Norconsult sin kommentar:

«Uttala vert tatt til følge. At dette lovkravet i Kulturminnelova skal etterfølgjast i anleggsfasen, blir også uttalt i søknadens vedlegg 4 «RIM-01 – Breivika Eigedom – Søknad om tiltak i sjø\_D01».»

### Fiskeridirektoratet (16. september 2024)

Attgjeving av uttale:

«Fiskeridirektoratet påpeiker at rapporten frå Norconsult tek for seg tiltak i sjø som allereie er ferdig utført. Deler av konsekvensutgreiinga med konklusjon og forslag til avbøtande tiltak vil likevel vere aktuell for noverande søknad, meiner Fiskeridirektoratet.

#### Ålegrasenga i Breivika

Ålegrasenga som er registrert i Breivika befinn seg på austsida av molo og der det er etablert småbåthamn. Verdsetting av ålegrasenga som «*svært viktig*» er med bakgrunn i at det er registrert gytefelt torsk i Gulefjorden og at ålegrasenger har ein viktig funksjon som yngleområde for larvar og småfisk. Norconsult skriv i sin rapport at ålegrasenga vil gå tapt som direkte påverknad av utfylling av 30 000 m<sup>2</sup> i sjø og som avbøtande tiltak ber dei om å vurdere omfanget av utfylling. Noverande søknad gjeld sprenging, mudring og utfylling på vestsida av molo, og kjem soleis ikkje i direkte berøring med ålegrasenga. Fiskeridirektoratet meiner at bruk av siltgardin rundt tiltaksområde under mudring og utfylling av massar vil redusere risiko for nedslamming av ålegrasenga.



### Gytefeltet i Gulefjorden

Norconsult vurderer at tiltaket samla sett vil ha «*liten negativ påvirkning*» på gytefeltet som følge av tap ålegrasenga i Breivika, men at det framleis vil være att fleira andre ålegrasenger i indre del av fjorden. Som anbefalte tiltak skriv Norconsult:

*Generelt bør perioden januar til april unngås for å hensynta gyteområdet for torsk i fjorden. Tiltak bør heller ikke gjennomføres i perioden 15. mai – 15. september, da det er generell anbefaling om å unngå tiltak i sjø; Av hensyn til plante- og dyreliv, friluftsliv og rekreasjon, anbefaler Miljødirektoratet som en hovedregel at tiltak i sjø ikke tillates i perioden 15. mai til 15. september. Det anbefales at man utfører et av følgende tiltaksalternativer for å begrense forurensningsspredning med partikler.*

*- Siltgardin med gode flyte lenser sammen med oppsamling av plast innenfor lensen*

*- Beskyttende lag med sand før utfylling sammen med utfylling utenom gyteperioden i fjorden kan benyttes hvis plasten kan fjernes før massene tømmes i fjorden.*

Rapporten "Havforskningsinstituttets rådgivning for menneskeskapt støy i havet"

Havforskningsinstituttet (hi.no), presenterer kunnskapsstatus om påverknad av havets økosystem ved sprengningsarbeid i havet og kva som er Havforskningsinstituttet sine råd og rettleiing. HI rår generelt i frå sprengningsarbeid i gyteområde under gytetida samt i tiden rett etterpå, dette for å skjerme egg og yngel. Rapporten inneheld vidare generelle råd om sprengningsarbeid i sjø (side 66-67):

- Relevant kompetanse trekkes inn i prosjekteringen av sprengningsarbeidet slik at hensyn til marint liv ivaretas. Her bør det gjøres lokale vurderinger blant annet for å ta hensyn til eventuelle gytefelt.
- Havforskningsinstituttet tilrår å bruke boblegardin ved sprengningsarbeid i sjø.
- Havforskningsinstituttet tilrår å dele opp salvene i mindre delladninger (sekvensiell sprengning).
- Havforskningsinstituttet anbefaler å sette av salvene når sjøforholdene i seg selv gir god demping, altså ikke ved speilblank overflate.
- Ved sprengning brukt i forbindelse med utfyllinger i sjø tilrår Havforskningsinstituttet at ladningen plasseres i rør i fyllingen, og ikke på fyllingsfot.
- Kjemisk og mekanisk forurensning omhandles ikke av denne rapporten, men man bør i tillegg også ta hensyn til forurensningsfare fra sprengningsarbeider, både i form av både partikler og kjemisk forurensning.
- Havforskningsinstituttet fraråder at sprengningsarbeid i sjø gjennomføres i gyteområder når fisken gyter samt i tiden rett etterpå, dette for å skjerme egg og yngel.
- Havforskningsinstituttet tilrår at det utvises ekstra aktsomhet ved sprengningsarbeider i sjø dersom dette medfører irreversible endringer i strukturer og substrat i gyteområder. Dette rådet gjelder hele året.

### Konklusjon

Av omsyn til gytefeltet ber vi om at sprengningsarbeid i sjø ikkje utførast i perioden 1. februar til 30. juni. Dette for å skjerme torsken i gytetida og i tida etter gytetida då det befinn seg egg og larvar i vassmassane. Vidare krav til bruk av siltgardin (jf. Norconsult sin tilråding) for å redusere risiko for sprenging av blakka sjøvatn, miljøgifter og plastavfall. Generelt ber vi også om at Norconsult sin tilrådingar og forslag til avbøtande tiltak for å skydde det marine miljøet vert følgd.»



Norconsult sin kommentar:

«Tiltakshavar har planlagt å unngå sprengingsarbeid i gytetida for torsk (1. feb – 30. juni), samt bruke siltgardin for å redusere spreieing av partiklar og plastavfall.

Det siste rådet frå Havforskningsinstituttet, å plassere ladning i røyr i fyllinga i staden for direkte på fyllingsfot, er i følge utførande entreprenør «Entreprenørservice» ikkje mogleg å etterfølgje pga. djup fylling. Dei har tidlegare forsøkt å plassere røyr i djup fylling, som resulterte i at røyra kollapsa under fyllinga. Til dette siste rådet som ikkje kan etterfølgjast, viser vi til tidlegare erfaring med sprengingsarbeid i Breivika, som blei utført på same måte (direkte på fyllingsfot), og som ikkje viste noko negativ påverknad på oppdrettsfisken til Steinvik Rensefisk og Barlindbotnen Settefisk.»

## Mattilsynet (01. oktober 2024)

Attgjeving av uttale:

«Det går fram av søknaden at det dreier seg om sprenging og utfylling av steinmassar i sjø. Norconsult har gjennomført miljøkartlegging og KU for naturmiljø i sjø. Det er føreslått avbøtande tiltak. Norconsult skriv at det ikkje er venta nåleforma partiklar som kan gjere skade på gjellene til fisk og vurderer partiklar som uproblematisk. Det skal likevel nyttast siltgardin grunna fare for forureining av vatnet. Vatnet skal overvakast med turbiditetsmåling og grenseverdi og alarmverdi for partikkelinnhald. Ein skal unngå sprenging i gytessesongen for kysttorsk i perioden 1. februar til 31. mai. Mattilsynet meiner at desse tiltaka er eigna til å beskytte marint liv mot negative konsekvensar av anleggsarbeidet så sant effekten av tiltaka blir overvaka.

Det er to landbaserte akvakulturanlegg i tiltaksområdet. Sprenging i sjøen rett ved desse anlegga vil lage vibrasjonar i grunnen. Oppdrettsfisk i sjø reagerer på vibrasjonar og støy frå sprenging og til dømes peling slik vi har beskrive over. Fisk på land vil også kunne få negative reaksjonar på vibrasjon og trykkbølgjer avhengig av kor nærme dei er til tiltaket og kor skjerma dei er i anlegget. Tiltakshavar må derfor vurdere korleis fiskane kan beskyttast best mogleg frå negative effektar frå sprenginga og eventuelt sette i verk ytterlegare tiltak for å beskytte fiskane.

Utover dette har vi ikkje ytterlegare kommentarar på noverande tidspunkt.»

Norconsult sin kommentar:

«Under tidlegare utfylling og sprengingsarbeid i Breivika i 2019, utførte Steinvik Rensefisk og Barlindbotnen Settefisk målingar av vibrasjonar på kara for oppdrettsfisk på land, og målingane var svært låge. Det blei heller ikkje observert endring i atferd hos fisken. Sprengingsarbeidet som er planlagt i føreliggande tiltak, ligg i større avstand til oppdrettsanlegget enn tidlegare arbeid. Tiltakshavar er også eigar av oppdrettsnæringa i Breivika, og har ingen ønskje om at fisken tar skade. Dette vert følgt tett opp i anleggsfasen, gjennom å observere adferden til fisk.

For å minske risikoen for negative verknader frå sprengingsarbeidet, vil følgjande råd frå Havforskningsinstituttet (kap. 5.4) også etterfølgast:

1. Salvane vil delast opp i mindre delladningar (sekvensiell sprengning). Merknad: Dykkarar vil legge ut ladningane og plassere dei ut der det er behov, for å unngå overdimensjonert sprenging.
2. Salvane vil i lengst mogleg grad utløysast når sjøforholda i seg sjølv gir god demping, dvs. ikkje ved speilblank overflate.»



## Rettsleg grunngeving for løyve

### Forureiningslova

Etter forureiningslova § 7 må ingen sette i verk noko som kan medføre forureining utan at det er lovleg etter unntaksreglane i § 8 eller tiltaket har løyve etter § 11.

Arbeid i sjø frå land er mellombels anleggsarbeid og er som hovudregel lovleg utan løyve, jf. forureiningslova § 8 første ledd nr. 3, når forureininga frå anleggsarbeidet er "vanleg". Utfylling som bidreg til å spreie finstoff og undervasssprenging som kan påverke fiskeinteresser, trua artar, marine naturtypar eller bidra til plastforureining, er ikkje vanleg forureining og tiltaket må ha løyve. Statsforvaltaren finn at dette tiltaket krev løyve etter lovas § 11, med vilkår for utføring etter § 16.

Når Statsforvaltaren vurderer om det skal gjevast løyve til forureinande verksemd, og eventuelt på kva vilkår, skal vi leggje vekt på forureiningsulempene ved tiltaket haldne saman med fordelar og ulemper tiltaket elles vil kunne føre til jf. forureiningslova § 11 siste ledd. Statsforvaltaren legg til grunn anbefalingar i Miljødirektoratets rettleiar M-350/2015 *Handtering av sediment* i vår vurdering av saka.

### Naturmangfaldlova

Forvaltningsmåla i naturmangfaldslova §§ 4 og 5 ligg til grunn for Statsforvaltarens myndigheitsutøving. Videre skal prinsippa i §§ 8 til 12 om blant anna kunnskapsgrunnlag, føre-var-tilnærming og samla belastning leggjast til grunn som retningslinjer når Statsforvaltaren treffer avgjerder som rører ved naturmangfald.

### Vassforskrifta

Søknader om løyve til tiltak i sjø og vassdrag skal også vurderast etter vassforskrifta. Vassforskrifta innehelder forpliktande miljømål om at myndighetene skal sørge for at alle vassførekomstar skal oppnå god kjemisk og økologisk tilstand innan 2027 med mindre det er gitt unntak med heimel i § 9 eller § 10.

### Avgrensing mot plan- og bygningslova

Statsforvaltaren kan ikkje gje løyve etter forureiningsloverket dersom dette er i strid med endelege planer etter plan- og bygningslova. Norconsult skriv at tiltaksområdet er regulert gjennom detaljreguleringsplan for Breivika industriområde (planID 1438.2016.02). Vi legg til grunn at tiltaket er innanfor gjeldande reguleringsplan.

## Vår vurdering av søknaden

Statsforvaltaren vurderer at søknaden med tilhøyrande dokumentasjon er i samsvar med forureiningsforskrifta § 36-2 sine krav til innhald i søknader om løyve etter forureiningsforskrifta.

### Grunngjeving for valde vilkår og krav

Utfylling og sprenging i sjø vil kunne medføre spreining av partiklar som kan ha negative effektar på naturverdiar. Mineralpartiklar som svevar fritt i vassmassane kan medføre skade på gjellene til fisk og det er vist at dei kan feste seg på pelagiske fiskeegg som hos torsk og hyse, og få egg til å søkke, noko som kan auke eggdødelegheita. Trykkbølgjer i sjø frå undervasssprenging kan skremme, skade og eventuelt drepe fisk som er i nærleiken av sprengingsområdet dersom trykkbølgjene er for høge.



Partikkeltilførsel i sjø over lengre tid vil også kunne medføre nedslamming av sjøbotn, noko som vil kunne føre til at leveområdet til botnlevande organismar vert endra eller øydelagt. Dersom sedimenta i tiltaksområdet er forureina, kan også forureining verte spreidd. I dette tilfellet er det funnet forureina massar med tungmetall, PAH-forbindelsar og TBT i tilstandsklasse 3-5. Prøvetakinga viste også at sedimenta består av om lag 75% sand, 25 % silt og mindre enn 1 % leire.

Det er kartlagt en tareskog med stortare, vurdert til «viktig», som ligg i vestleg del av den planlagde utfyllinga. Særleg del av småbåthamna på austside av tiltaksområdet ligg eit felt med ålegraseng som er verdisatt som «svært viktig». Tiltaksområdet ligg i eit regionalt viktig gytefelt for torsk, verdisatt til «viktig».

I søknaden er det foreslått å bruke siltgardin for å redusere risikoen for påverknad på sårbare nærområde under anleggsarbeidet. Basert på størrelsen og naturverdiane i nærleiken av tiltaksområdet, sett Statsforvaltaren vilkår om bruk av siltgardin under anleggsarbeidet.

Overvaking av turbiditet utanfor siltgardina, om lag 20 meter frå siltgardina, er foreslått i søknaden. Grenseverdi og alarmgrense for partikkelinnhald skal ikkje overstige høvesvis 10 FTU og 8 FTU pluss bakgrunnsverdi. Dersom turbiditetsmålingene viser høgare partikkelinnhald enn alarmgrensa, skal det gjerast undersøkingar for å sikre at siltgardina fungerer som ho skal. Statsforvaltaren set vilkår om overvaking med turbiditetsmålere som har ei grenseverdi på 10 FTU og 8 FTU pluss bakgrunnsverdi, med alarm. Vi set og krav om at arbeidet skal stansast dersom turbiditeten overstig grenseverdien i meir enn 30 minutt.

Fiskeridirektoratet skriv i si uttale at for å skjerma torsken i gytetida og tida etter gytetida då det befinn seg egg og larvar i vassmassane er det ønskjeleg at sprengingsarbeid i sjø ikkje utførast i perioden 1. februar til 30. juni. Statsforvaltaren legg vekt på uttalen frå Fiskeridirektoratet, og krev at sprengingsarbeidet ikkje utførast i perioden 1. februar til 30. juni.

Når det gjeld eventuell påverknad for oppdrettsanlegg knytt til sprenging og trykkbølger i sjø så vurderer vi at sprenginga som skal utførast ikkje representerer fare for skade på fisk. Dei næraste anlegga, eigd av tiltakshavar, er landbaserte og tidlegare sprengingsarbeid i kortare avstand enn denne gjekk fint. Næraste anlegg i sjø ligg 11 km unna godt skjerma av nes og basert på tidlegare erfaringar med sprengingsarbeid i sjø så utgjer ikkje denne sprenginga noko fare. Vi meiner også at HI sitt generelle råd om å ikkje å leggje ladningen i fyllingsfot, men i rør, ikkje er nødvendig i denne saka av same grunn.

Bruk av sprengsteinmassar til utfylling i sjø kan gje fare for spreining av plastavfall til sjøen. Plast bruker lang tid på å brytast ned, og det har ein negativ og uønskt påverknad på miljøet. Statsforvaltaren stiller vilkår for å avgrense tilførsel av plastavfall til omgjevnadene.

### **Vurderingar etter naturmangfaldlova og vassforskrifta**

Krav til kunnskapsgrunnlaget er etter vår vurdering oppfylt, jf. naturmangfoldloven § 8. Sidan vi vurderer kunnskapsgrunnlaget som tilfredsstillande, vil ikkje føre-var-prinsippet (NML § 9) kome til anvending.

Vi har teke omsyn til økosystemet og den samla belastninga (NML § 10) gjennom vurderingar som ligg til grunn for krava som er sett i vilkåra i løyvet. NML § 11 påpeiker at det er tiltakshavar som skal bære kostnadene til avbøtande tiltak.





Miljømålet i vassforskrifta er at alle vassførekomstar skal oppnå minst god økologisk og kjemisk tilstand. Ein forverring av ein vassførekomst kan ikkje tillatast dem mindre det er mogelegheit til å gje unntak, jf. vassforskrifta § 12.

I denne saken legger Statsforvaltaren til grunn at tiltaket vil gje ein midlertidig påverknad og at tilstanden i resipientane vil bli gjenoppretta når arbeidet stansar. Vi ser det derfor ikkje som sannsynleg at tiltaket vil kunne føre at miljømåla ikkje nåast, eller at tilstanden til vassførekomsten blir forverra. Krava i vassforskrifta er difor ikkje til hinder for å gje løyve etter forureiningslova.

## Endring og omgjerung

Vi vil påpeke at all forureining frå verksemda isolert sett er uønskt. Sjølv om utsleppa er innanfor dei fastsette grensene, pliktar verksemda å redusere utsleppa så langt som mogleg utan urimelege kostnader. Det same gjeld utslepp av komponentar det ikkje er satt grenser for gjennom særskilte vilkår.

Verksemda er pliktig til å unngå unødvendig forureining, jf. forureiningslova § 7. Viser det seg at forureiningsforholda endrar seg, kan Statsforvaltaren med heimele i forureiningslova § 18 endre vilkåra i løyvet og setje nye vilkår, og om nødvendig trekkje løyvet tilbake. Endringar skal vere basert på skriftleg sakshandsaming og ei forsvarleg utgreiing av saka. Ein endringssøknad må difor sendast i god tid før ei eventuell endring kan gjennomførast.

At vi har gitt løyve til forureining fritar ikkje erstatningsansvar for skade, ulemper eller tap som forureininga har ført til, jf. forureiningslova § 56. I tillegg til dei krava som følgjer av løyvet, pliktar verksemda å overhalde forureiningslova og produktkontrolllova med tilhøyrande forskrifter. Nokre av forskriftene er nemnde i løyvet. For informasjon om andre reglar som kan vere aktuelle for verksemda viser vi til heimesida til Miljødirektoratet, [www.miljodirektoratet.no](http://www.miljodirektoratet.no). Brot på løyvet er straffbart etter forureiningslova §§ 78 og 79.

Brot på krav som følgjer direkte av forureiningslova og produktkontrolllova med tilhøyrande forskrifter er òg straffbart.

## Rett til å klage

Partane involvert i saka og andre med særleg interesse kan klage innan tre veker frå verksemda har mottatt dette brevet, jf. forvaltningslova § 28. I ein eventuell klage skal det gå klart fram kva klagen gjeld, og kva endringar ein ønskjer. Klagen bør vere grunngeven og skal sendast til Statsforvaltaren i Vestland. Klageinstans er Miljødirektoratet.

Ein eventuell klage fører ikkje automatisk til at gjennomføringa av vedtaket blir utsett. Statsforvaltaren eller Miljødirektoratet kan etter oppmoding, eller på eige initiativ, avgjere at vedtaket ikkje skal gjennomførast før klagefristen er ute eller klagen er avgjort. Ei slik avgjerd kan det ikkje klagast på.

De kan også klage på vedtaket om gebyrsats, jf. forureiningsforskrifta § 41-5. Ein eventuell klage skal vere grunngeven, og han må sendast til Statsforvaltaren i Vestland innan tre veker. Ein eventuell klage fører ikkje automatisk til at vedtaket blir utsett. Verksemda må difor betale det fastsette gebyret. Dersom Miljødirektoratet godtar klagen, vil overskotsbeløpet verte refundert.



Med helsing

Magne Nesse  
senioringeniør

Hedda Vik Askeland  
rådgjevar

*Dokumentet er elektronisk godkjent*

Vedlegg:

1 Løyvets vilkår

Kopi til:

FISKERIDIREKTORATET	Postboks 185 Sentrum	5804	BERGEN
BREMANGER KOMMUNE	Postboks 104	6721	SVELGEN
MATTILSYNET	Postboks 383	2381	BRUMUNDDAL
BERGENS SJØFARTSMUSEUM			
SØR-NORGES FISKARLAG			
NORGES VASSDRAGS- OG ENERGIDIREKTORAT	Postboks 5091	0301	OSLO

**Mottakarliste:**

**Brevika Eigedom  
Norconsult**

**Strandvegen 22                    6723 SVELGEN  
Fjellvegen 11                    6800 FØRDE**



## Løyve etter forureiningslova til utfylling i sjø ved gnr/bnr 38/397 i Bremanger kommune for Breivika Eigedom AS

Statsforvaltaren gir Breivika Eigedom AS løyve med heimel i forureiningslova § 11, jf. § 16. Løyvet er gitt på grunnlag av opplysningar i søknad av 2. september 2024 og andre opplysningar som kom fram under sakshandsaminga. Løyvet gjeld frå dags dato og fram til anleggsarbeidet er avslutta.

Dersom de ønskjer endringar utover det som er opplyst i søknaden eller under sakshandsaminga og som kan ha miljømessig betyding, må de på førehand avklare dette skriftleg med Statsforvaltaren.

Dersom heile eller vesentlege delar av løyvet ikkje er teke i bruk innan to år skal de sende melding til Statsforvaltaren om forventta oppstart, status i prosjektet med beskriving av eventuelle endringar som endrar risiko for forureining og ev. behov for endra avbøtande tiltak. Statsforvaltaren vil då vurdere behov for eventuelle endringar i løyvet og om endring av løyvet krev ny søknadsrunde.

### Data om verksemda

Bedrift	Breivika Eigedom AS
Postadresse	Strandvegen 22, 6723 Svelgen
Kommune og fylke	Bremanger, Vestland
Organisasjonsnummer/ eigd av	996 295 265

### Statsforvaltaren sine referansar

Løyvenummer	Anleggsnummer	Saksnummer
2024.0840.T	4648.0109.01	2024/12965

Løyve gitt første gong: 14. oktober 2024	Endringsnummer:	Løyve sist endra:
Magne Nesse senioringeniør	Hedda Vik Askeland rådgjevar	

*Dokumentet er godkjent elektronisk*



## Endringslogg

Endringsnummer	Endringar av	Punkt	Endringar



## Innhald

1	Rammevilkår .....	3
1.1	Omfang .....	3
1.2	Varsel om oppstart .....	3
2	Generelle vilkår .....	3
2.1	Plikt til å redusere forureining så langt som mogeleg .....	3
2.2	Plikt til førebyggjande vedlikehald .....	3
2.3	Tiltak ved auka forureiningsfare .....	3
2.4	Miljøriskovurdering av anleggsarbeida .....	3
2.5	Ansvar .....	4
2.6	Erstatningsansvar .....	4
2.7	Kulturminne i sjø .....	4
2.8	Sakshandsaming etter anna lovverk .....	4
3	Internkontroll, beredskapsplan og akutt forureining .....	4
3.1	Internkontroll .....	4
3.2	Beredskapsplan .....	5
3.3	Varsling om akutt forureining .....	5
4	Vilkår for utføring av tiltak i sjø .....	5
4.1	Generelt .....	5
4.2	Kontroll av utfyllingsmassar .....	5
4.3	Tidsavgrensingar .....	5
4.4	Partikkelsperre .....	5
4.5	Turbiditetsmålingar .....	5
4.6	Aktsemd ovanfor framande organismar .....	6
5	Kontroll- og overvaking .....	6
5.1	Plan for kontroll og overvaking .....	6
6	Avfall .....	7
6.1	Generelle krav .....	7
6.2	Handtering av farleg avfall .....	7
6.3	Plast .....	7
7	Rapportering og dokumentasjon .....	7
	• Dokumentasjon av levering av eventuelt avfall .....	8
8	Tilsyn .....	8



## 1 Rammevilkår

### 1.1 Omfang

Løyvet gjev vilkår for å redusere forureining frå utfylling i sjø og undervasssprenging utanfor gnr./bnr. 38/397 ved Breivika i Bremanger kommune.

Tiltaket i sjø omfattar utfylling av eit volum på ca. 26 000 m<sup>3</sup>. Arbeida vil skje frå land.

Statsforvaltaren legg til grunn at tiltaka skal gjennomførast som nemnt i søknad av 2. september 2024 og tilleggsopplysningar i saka med mindre anna er avtala med Statsforvaltaren.

### 1.2 Varsel om oppstart

Statsforvaltaren skal varslast om oppstart av anleggsarbeidet seinast ei veke før anleggsarbeida startar. Det kan varslast med ein e-post til [sfvlpost@statsforvalteren.no](mailto:sfvlpost@statsforvalteren.no).

## 2 Generelle vilkår

### 2.1 Plikt til å redusere forureining så langt som mogeleg

All forureining frå verksemda, medrekna utslepp til luft og vatn, støy og avfall, er isolert sett uønskt. Sjølv om utsleppa vert haldne innanfor fastsette utsleppsgrenser, pliktar verksemda å redusere utsleppa sine, medrekna støy, så langt det er mogleg utan urimelege kostnader. Plikta omfattar også utslepp av komponentar som det ikkje er sett uttrykkelege grenser for gjennom vilkår i dette løyvet.

### 2.2 Plikt til førebyggjande vedlikehald

For å halde dei ordinære utsleppa på eit lågast mogleg nivå og for å unngå utilsikta utslepp, skal verksemda sørgje for førebyggjande vedlikehald av utstyr som kan ha noko å seie for utsleppa. System og rutinar for vedlikehald av slikt utstyr skal vere dokumenterte.

### 2.3 Tiltak ved auka forureiningsfare

Dersom det oppstår fare for auka forureining skal verksemda så langt det er mogleg utan urimelege kostnader setje i verk tiltak som er nødvendige for å eliminere eller redusere den auka forureiningsfaren. Om nødvendig må verksemda redusere eller innstille drifta.

Tiltakshavar skal så snart som mogeleg informere Statsforvaltaren om unormale tilhøve som har eller kan føre til vesentleg auka forureining eller forureiningsfare. Akutt forureining skal i tillegg varslast i samsvar med punkt 3.3.

### 2.4 Miljøriskovurdering av anleggsarbeida

Dette løyvets vilkår er basert på dei miljøriskovurderingane som er utført i samband med søknad om løyve etter forureiningslova og dei forslag til avbøtande tiltak som er søkte om for å redusera fare for forureining til eit akseptabelt nivå.

Verksemda plikter å ha oversikt over alle aktivitetar og forhold som kan føre til forureining og kunne gjere greie for risiko. Ved endra forhold skal miljøriskovurderinga oppdaterast. Resultata skal vurderast opp mot akseptabel miljørisiko.



Med utgangspunkt i risikovurderinga skal verksemda iverksette risikoreduserande tiltak. Både sannsyn- og konsekvensreduserande tiltak skal vurderast. Tiltakshavar skal ha ein oppdatert plan over risikoreduserande tiltak, og sikre at tiltak herifrå vert innarbeida og gjennomført.

## 2.5 Ansvar

Tiltakshavar er ansvarleg for å sikre og dokumentere at vilkåra i dette løyvet vert stetta. Tiltakshavar pliktar å ha oversikt over alle aktivitetar som kan medføre forureining og kunne gjere greie for risikoforhold. Tiltakshavar pliktar vidare å orientere vedkommande som skal gjennomføre tiltaka om de vilkår som gjelder, samt de restriksjonar som er lagt på arbeidet.

## 2.6 Erstatningsansvar

Sjølv om løyve er gitt, pliktar den som forårsakar forureining eller annan type skade å svare for erstatning som måtte følge av alminnelege erstatningsreglar.

## 2.7 Kulturminne i sjø

Stiftelsen Bergens Sjøfartsmuseum gjer merksam på at tiltakshavar pliktar å gje melding til museet ([marinarkeologi@museumvest.no](mailto:marinarkeologi@museumvest.no)) dersom ein under arbeid i sjøområda finn skipsvrak, keramikk eller andre marine kulturminne. Dersom kulturminne på sjøbotnen kan bli råka av tiltaket, må arbeidet under vatn straks stoppast. Tiltakshavar må i så fall ikkje starte opp att før museet har undersøkt og eventuelt frigjeve området. Eventuelle brot på desse vilkåra vil være i strid med føresegnene i Lov av 9. juni 1978 nr. 50 om kulturminne.

## 2.8 Sakshandsaming etter anna lovverk

Dette løyvet frittek ikkje for handsaming etter anna lovverk som er relevant i saka, til dømes hamne- og farvasslova og plan- og bygningslova.

# 3 Internkontroll, beredskapsplan og akutt forureining

## 3.1 Internkontroll

Tiltakshavar pliktar å etablere internkontroll for sin verksemd i medhald til internkontrollforskrifta<sup>1</sup>. Internkontrollen skal blant anna sikre og dokumentere at tiltakshavar stettar krava i dette løyvet, forureiningslova, produktkontrollova<sup>2</sup> og andre relevante forskrifter til desse lovene. Tiltakshavar plikter å halde internkontrollen oppdatert.

Når ein tiltakshavar som oppdragsgivar engasjerer oppdragstakar (entreprenør eller liknande) til å utføre oppgåver på tiltakshavars anlegg, skal oppdragsgivar sørge for at oppdragstakar er kjent med og har internkontrollsystem i tråd med løyvets vilkår.

Tiltakshavar plikter alltid å ha oversikt over alle aktivitetar og forhold som kan føre til forureining og kunne gjere greie for risiko. På basis av miljørisikoanalyse skal tiltakshavar sette i verk miljørisikoreduserande tiltak.

---

<sup>1</sup> Systematisk helse-, miljø- og sikkerhetsarbeid i virksomheter – forskrift av 06.12.1996 nr 1127 (internkontrollforskriften)

<sup>2</sup> Produktkontrollova av 11.06.1979 nr 79



### 3.2 Beredskapsplan

Den ansvarlege skal sørge for å ha en nødvendig beredskap for å hindre, oppdage, stanse, fjerne og avgrense påverknad av akutt forureining for si verksemd, jf. forureiningslova § 40. Beredskap skal stå i et rimeleg forhold til sannsyn for akutt forureining og omfanget av skadane og ulempene som kan inntreffe. Beredskapsplikta inkluderer også utstyr og kompetanse til å fjerne og avgrense verknaden av forureininga.

Tiltakshavar skal utarbeide beredskapsplan for tiltaket. Ved endra forhold skal beredskapsplanen oppdaterast. Beredskapsplanen skal være tilgjengeleg og kjent for dei som utfører arbeid der akutte hendingar i flg. planen, kan oppstå.

### 3.3 Varsling om akutt forureining

Ved akutt forureining eller fare for akutt forureining som følge av tiltaket, skal den ansvarlege straks varsle på telefon 110, etter Forskrift om varsling av akutt forureining eller fare for akutt forureining fastsett av Miljøverndepartementet 9. juli 1992. Statsforvaltaren skal også varslast på [sfvlpost@statsforvaltaren.no](mailto:sfvlpost@statsforvaltaren.no).

## 4 Vilkår for utføring av tiltak i sjø

### 4.1 Generelt

Tiltaka i sjø skal utførast på ein måte som minimerer spreining av partiklar og tilslamming av vassmassane. Dersom det oppstår utilsikta forureiningssituasjonar skal arbeidet stanses og korrigierende tiltak gjennomførast.

### 4.2 Kontroll av utfyllingsmassar

For utfyllinga skal det nyttast mest mogeleg reine massar. Massane skal være egna for føremålet. Det skal utarbeidast rutinar for kontroll av steinmassar før desse vert fylt i sjøen. Innhald av plastrestar og anna forureining frå sprengstein skal primært ikkje hamne i sjøen.

### 4.3 Tidsavgrensingar for undervasssprengning

Sprengingsarbeidet i sjø skal ikkje gjennomførast i gyteperioden til kysttorsk i perioden 1. februar til 30. juni. Undervasssprenging er planlagt utført med einingsladning frå 3-5 kilo.

### 4.4 Partikkelsperre

Det skal nyttast siltgardin rundt tiltaksområdet under anleggsarbeidet for å redusere faren for forureining og spreining av finstoff til vassførekomsten. Det skal nyttast siltgardiner som er eigne for tilhøve vil tiltaksområdet, sjå fagrapport<sup>3</sup> frå Statens vegvesen.

### 4.5 Turbiditetsmålinger

Konsentrasjonen av partiklar, angitt som turbiditet, skal haldast lågare enn 10 FTU over bakgrunnsnivå. Turbiditetsmålere skal plasserast om lag 20 meter frå siltgardina.

---

<sup>3</sup>Siltgardiner: funksjon, tilpasning og oppfølging. Rapport nr. 205 - 2013





Turbiditetsmålinger skal planleggjast og utførast i samsvar med Norsk Standard NS-9433<sup>4</sup>. Partikkelkonsentrasjonen skal ikkje vere høgare enn 10 FTU + bakgrunnsverdi i meir enn 30 minutt. Ved oppnådd alarmgrense skal arbeidet stansast, og dersom overskridinga skuldast tiltaka, skal det settast i verk avbøtande tiltak.

Det må dokumenterast ei referanseverdi/bakgrunnsnivå for turbiditet, anten fastsett på førehand ved målingar eller med ei referansestasjon der det blir gjort målingar med faste intervall gjennom anleggsperioden.

Detaljerte metodar for referanseverdi, alarmgrenser, plassering av stasjonar, og prosedyrar for jamleg vedlikehald og reinhald av sensorane skal beskrivast i kontroll- og overvåkingsplanen, jf. vilkår 5.

Handtering av alarmer skal innarbeidast slik at alle relevante ledd i prosjektorganisasjonen kjenner alarmgrensene og kva handlingar som skal utførast ved overskriding, jf. vilkår 3.10 om internkontroll.

Kunnskap og informasjon som blir erverva i prosjektet, skal brukast til justering av måleprogrammet. Dersom observasjonar eller målingar viser at målarar ikkje er plasserte på eigna stad eller djupn, skal målarane flyttast.

#### 4.6 Aktsemd ovanfor framande organismar

Den framande arten havnespy/japansk sjøpung (*Didemnum vexillum*) er allereie etablert fleire stader i landet. Dette er ein framand og uønskt art som formerer seg raskt og forårsakar store problem for marine miljø og næringar. Arten veks blant anna på skrog, fortøyingar, bryggjer og anna som finst i sjøen. Vestland fylke har gjennom dei siste åra registrert ein auke i observasjonar av havnespy. Havnespy er påvist ved kaier i Haugesund, Askøy, Bergen og fleire stadar i Sogn (Florø, Måløy, Sløvåg). Arten blir spreidd via skipsfart, særleg i dei største hamnene som har besøk av utanlandske skip. Arten kan òg bli spreidd til mindre hamner via småbåtar eller festa til tauverk, blåsar og andre flyteobjekt i sjøen.

Statsforvaltaren minner om aktsemdsplikta i medhald til forskrift om framande organismar § 18. Der står det at den som set i verk tiltak som kan medføre utilsikta spreiiing av framande organismar i miljøet, skal opptre aktsamt for å hindre at aktiviteten medfører uheldige følgjer for det biologiske mangfaldet. Tiltakshavar skal ha kunnskap om risikoen aktiviteten inneber, kunnskap til å treffe førebyggjande tiltak og kunnskap til å raskt avdekkje utilsikta spreiiing av framande organismar. Mistanke om funn av havnespy [må meldast inn](#) og verifiserast av marinbiologisk kompetanse. Dersom havnespy blir bekrefta, [skal observasjonen rapporterast til Artsdatabanken](#), og det må setjast i verk tiltak for å unngå vidare spreiiing. Slike tiltak skal skje i samsvar med [rettleiing gitt av Sjøfartsdirektoratet](#).

Kontroll gjeld også til transporterte båtar og utstyr. Dersom havnespy blir oppdaga, skal Statsforvaltaren kontaktast og orienterast om kva tiltak som blir sett i verk for å overhalde aktsemdsplikta.

<sup>4</sup>Turbiditetsovervåking av tiltak i vannforekomster. Norsk Standard NS- 9433



## 5 Kontroll- og overvaking

### 5.1 Plan for kontroll og overvaking

Det skal utarbeidast ein kontroll- og overvakingsplan for tiltaket. Planen må ha tilstrekkeleg omfang til å avdekke spreining av forureining frå tiltaket, medrekna kontroll med spreining av partiklar og plast. Kontroll- og overvakingsplanen skal avdekke eventuelle negative påverknader på naturmiljøet frå anleggsarbeidet.

Kontroll- og overvakingsplanen skal sikre at vilkåra i løyvet vert stetta, og planen skal utarbeidast i tråd med tilrådingane gitt i Miljødirektoratet si rettleiar<sup>5</sup> for handtering av sediment M-350/2015. Måleutstyr, metodar, gjennomføring og analysar skal følgje norsk standard.

## 6 Avfall

### 6.1 Generelle krav

Verksemda pliktar så langt det er mogleg utan urimelege kostnader eller ulemper å unngå at det blir danna avfall som følgje av tiltaka. Særleg skal innhald av skadelege stoff i avfallet avgrensast mest mogeleg. Kystverket pliktar å sjå til at all handtering av avfall, under dette gjenvinning, blir utført i samsvar med gjeldande regler fastsett i eller i medhald av forureiningslova og avfallsforskrifta.

Brukte partikkelsperrer skal leverast til lovleg mottak.

### 6.2 Handtering av farleg avfall

Verksemda skal handtere farleg avfall i tråd med avfallsforskrifta kapittel 11 om farleg avfall.

Farleg avfall som blir lagra i påvente av levering/henting skal lagrast slik måte at det ikkje fører til avrenning til grunn, overflatevatn eller avløpsnett. Lagra farleg avfall skal være merka og skal ikkje blandast saman med anna avfall. Lagring skal skje i tett container eller under tak på fast dekke. Lageret skal være sikra mot uvedkommande.

Farleg avfall skal leverast vidare til godkjend mottak eller behandlingsanlegg minst ein gang per år. Farleg avfall skal deklarerast på [www.avfallsdeklarering.no](http://www.avfallsdeklarering.no).

### 6.3 Plast

Det skal gjerast tiltak for å avgrense tilførsel av plast til naturen. Det skal gjennomførast opprydding av plast og annet avfall undervegs og i etterkant av tiltaket ved tiltaksområdet og nærliggande områder. Rutinar for dette skal føreligge skriftleg. Oppsamling av eventuelt avfall i sjøen skal loggførast. Rutinar for overvaking og oppsamling av avfall i sjøen skal inngå i overvakingsplanen. Oppsamla avfall skal leverast til lovleg avfallsmottak.

Miljødirektoratet sitt faktaark<sup>6</sup> M-1085|2018 kan nyttast som ein rettleier.

---

<sup>5</sup>Håndtering av sediment. Miljødirektoratet M-350



<sup>6</sup>Problemer med plast i sjø ved utfylling av sprengstein i sjø. Miljødirektoratet M-1085/2018

## 7 Rapportering og dokumentasjon

Det skal sendast inn sluttrapport frå arbeida innan 8 veker etter at anleggsarbeida er avslutta. Rapporten skal oppsummera anleggsarbeida, og skal innehalde:

- Skildring av gjennomføringa av tiltaka
- Skildring av resultatata frå gjennomført turbiditetsovervaking
- Oversikt over uønskte hendingar, merknader og ei skildring av eventuelle avbøtande tiltak som er gjennomførte for å hindra uheldig påverknad på omgjevnadene.
- Dokumentasjon av levering av eventuelt avfall.

## 8 Tilsyn

Verksemda pliktar å la representantar for Statsforvaltaren eller andre som har styresmakt, føre tilsyn med verksemda til ei kvar tid.